

Prisjustering 1. februar 2024

Prisane for buss, bybane og båtrutene som er inkludert i sonesystemet, aukar i gjennomsnitt med 6,5 %. Prisaukinga fordeler seg noko ulikt, for eksempel vil enkeltbillettar auke meir enn periodebillettar, etter ønske frå politikarane:

		Ei sone	To soner	Tre soner	Fire-sju soner
Enkeltbillett	Vaksen	44	67	116	164
	Barn	22	33	56	80
	Honnør	22	33	56	80
	Student	26	39	67	95
	Militær	44	44	56	80
Billettar		Ei sone	To soner	Tre soner	Fire-sju soner
30-dagars ungdomsbillett		390	390	390	390
7-dagarsbillett	Vaksen	250	375	625	875
	Barn	125	190	315	440
	Honnør	125	190	315	440
	Student	150	225	375	525
30-dagarsbillett	Vaksen	785	1 175	1 955	2 740
	Barn	390	585	975	1 370
	Honnør	390	585	975	1 370
	Student	470	705	1 175	1 645
180-dagarsbillett	Vaksen	3 925	5 875	9 775	13 700
	Barn	1 960	2 940	4 890	6 850
	Honnør	1 960	2 940	4 890	6 850
	Student	2 355	3 525	5 865	8 220

Ut over dette gjeld følgande endringar frå 1. februar;

- Den øvre aldersgrensa på 30 år for studentar blir fjerna, på buss, bybane og båtruter i sonesystemet. Aldersgrense for studentar vil framleis gjelde på andre båtar.
- Presisering ungdomsbilletten: «Du kan bruke 30-dagars ungdomsbillett frå du fyller 16 år og til og med den månaden du fyller 21 år.»

Reiserabatt på enkeltbillettar i Skyss Billett-appen for vaksne

Frå 1. februar kjem det rabatt for vaksne som kjøper enkeltbillettar i appen Skyss Billett. Den passar for dei som reiser av og til, og når periodebillett ikkje lønner seg.

Rabatten startar frå billettkjøp nummer to og vil gradvis vekse dess fleire billettar du kjøper i løpet av 30 dagar. Maksimal rabatt får du om du kjøper 31 billettar i løpet av ein 30-dagarsperiode. Då kostar billetten 26,40 kr.

Informasjon til reisande:

Skyss.no: Nettsidene våre er oppdatert med informasjon om dei nye prisane som gjeld frå 1. februar.